

## Årsmelding 2016

### Styre

Christoffer Knagenhjelm, Sogndal. Leiar. Attvalt i 2016 for 2 år som styremedlem og attvalt for 1 år som leiar i 2016. På val som leiar for 1 år i 2017.

Anja Eilertsen, Bergen. Valt for år i 2015, på val i 2017.

Ellen Siren Bruarøy, Os. Valt for år i 2015, på val i 2017.

Renate Lunde. Valt for to år i 2016,

Idun Husabø, Leikanger. Valt for 2 år i 2015, på val i 2017.

Renate Lunde er kasserar for laget.

Christian Zurbuchen, Økoringen Vest. 1. vara. Attvalt for 1 år i 2016. På val i 2017.

Knut O. Dukstad, Voss. 2. vara. Attvalt for 1 år i 2016. På val i 2017.

Torgeir Magnar Børve, Kvam. Revisor. Attvalt for 1 år i 2015. På val i 2017.

Torgrim Aalvik, Kvam. Revisor. Attvalt for 1 år i 2016. På val i 2017.

Signe Karin Kvamsøy, Kvam. Vararevisor. Attvalt for 1 år i 2016. På val i 2017.

I 2017 var Una Kolle, Kristin Goverud og Anna Milford valstyre.

### Årsmøte 2016

Årsmøtet var halde på Mariannes kafé i Aurland i samband med Aurlandsseminaret (5.2.2016).

Styret har hatt fire styremøte på Skype. Elles har vi halde naudsynt kontakt per telefon og e-post.

Nokre av oss har møttest i samband med arrangement, som t. d. Matfestivalen og Økoveka i Bergen.

### Landsmøte og tillitsvaltsamlinga

Anja, Renate og Christian representerte laget på landsmøtet til Oikos i 2016. Laget hadde på førehand ikkje sendt forslag om landsmøteuttaler i år, men la fram ei utale på møtet: "Øko-mjølkeproduksjon i heile landet!". Denne uttala fekk brei oppslutning og fekk m.a. TINE til å gje opp sine planar om redusert øko-mjølkeinntak (m.a. frå vår region). Anja deltok på tillitsvaltsamlinga på vegne av laget i november. Å vere med på desse landsomfattande møta er viktig med tanke på å bygge ut det nasjonale øko-nettverket.

### Medlemsarbeid

Regionlaget har fortsatt fokuset på medlemsverving, sjølv om det ikkje har vore brukt like mye tid på det i år som føregåande år. Dette har vært gjort gjennom Matfestivalen/Bondens marknad, Økoveka og Facebook. Arbeidet gir framleis godt resultat. Oikos Vest har auka medlemstalet frå om lag 570 til om lag 595 medlemmar i 2016.

### Utdeling av Økopris Vestlandet

I 2016 valde vi å ikkje dele ut prisen. Årsaka var at vi ikkje fann gode nok kandidatar, men vi tek sikte på å finne ein verdig kandidat i 2017. Planen er å dele den ut i Økoveka slik at både kandidat og

prisen får skikkeleg merksemd, slik den fortener.

### ØKOVEKA i Bergen

Styret vedtok i 2015 at Økoveka (Økouka elles i landet) skulle vere satsingsområde. I 2016 vart det bestemt at Oikos Bergen, som er lokallag under Oikos Vest (stifta i 2015) skulle ha ansvar for organisering og gjennomføring av Økoveka. Dette vart gjort ved at Oikos Bergen engasjerte Benedikte Koldingnes som prosjektleiar.

Økoveka vart eit vellykka arrangement og Oikos Vest er særst nøgd med innsatsen til lokallaget og Koldingnes som prosjektleiar. Mellom anna har fylkesmannen i Hordaland

allereie løyvd tilskot til Økoveka 2017. Frå styret bidro Anja Eilertsen og Christoffer Knagenhjelm der det var naudsynt. Oikos Vest har òg støtte Økoveka med 20 00,- i tilskot til arrangementet.



*Kristin Hammerås og Kjetil Ingvaldsen promoterer Økoveka under Bondensmarknad*

Satsinga er ressurskrevjande for laget, men vi ser at det bidreg sterkt til profilering, både av Oikos som organisasjon og økosaka generelt. Vi viser elles til eigen rapport om økoveka til FMLA.

### Oppretting av nye lokallag

Styreleiar har vore tilstades under møte i Aurland og orientert interesserte på jordbrukskulen om kva føremon det ligg i å opprette lokallag. Det er ennå ikkje avgjort om det blir lokallag i Aurland. I samband med andelslandbruksatsinga i Sogn vert det arbeidd med å blåse liv i Veten lokallag, etter same mønster som i Sunnfjord.

### Bergen Matfestival

Oikos hadde stand saman med alle andre økoprodusentar, så me stod fint plassert med Oikos på eine enden, deretter Vikja Mat, så Vossabia, Bergen Slow Food og eit par til. Ikkje så mange økoprodusentar enno dessverre. Det var litt aktivitet på standen, og det var for det mest Benedikte som stod der. Vi var veldig fornøyd med utforminga på sjølve standen i år. Benedikte hadde tatt ansvar for å fornye den, med økonomisk tilskot frå fylkesmannen i Hordaland. Elles vart REN MAT delt ut og ein prøvde etter beste evne å informerte og å verve nye medlemmar.

### Andelslandbruk

Regionlaget har fortsatt arbeidet med å bidra til stifting/organisering av andelslandbruk i Sogn og Fjordane. Dette har skjedd i samarbeid med Naturvernforbundet i S & Fj. og Økoringen Vest. 23.11.16 var det eit infomøte på Kafé Krydder i Sogndal der det vart nedsett eit interimsstyre som har som oppgåve å syte for framdrift i saka, både med tanke andelslandbruk, men også med tanke på revitaliseringa av Veten lokallag. Interimstyret er godt i gong med arbeidet sitt og har m.a. etablert facebookside "Andelslandbruk i Sogn"



*Facebookinvitasjon for møte om andelslandbruk i Sogndal*

## Anna arbeid

Arbeid med å utarbeide reklamebrosjyre for økoaktører vart avslutta februar 2016. Oikos Vest gikk raskt tom for brosjyrar. Nye må trykkast i 2017.

Styreleiaren hadde òg stand i Sogndal under minimarknad/Bondensmarknad hausten 2016. Sjølv om vêret var dårlig (stort sett styrtregn) og det ikkje var lett å verve folk, trefte han mykje hyggelege potensielle økomenneske!

## Media

Styret i fellesskap har hatt ansvar. Fjordvett ([www.fjordvett.no](http://www.fjordvett.no)) – ei internettside som vi har saman med Økoringen Vest - er mest brukt som informasjonskanal og vidareformidling av stoff frå andre kanalar. Eigenproduksjon av artiklar og anna stoff er noko det må arbeidast meir med.

Facebooksida (<https://www.facebook.com/pages/Oikos-Vest/228322617257827?fref=ts>) har framleis auke i medlemstalet, frå om lag 50 medlemmar i 2012 til ca. 180 ved årsskiftet 2013/14 og ca. 270 ved årsskiftet 2014/15 til 490 ved årsskiftet 2015/16. Ved årslutt 2016/2017 var det 550 medlemmar. Sida vert brukt mykje som rask og enkel informasjonskanal og har eit stort nedslagsfelt med mange engasjerte medlemmar.



Facebooksida til Oikos Vest